



NR 2, 2025 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 93. ÅRG



God sommar!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Layout og trykk: Printfarm AS

Pengegåver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 – Vipps 110089



KYRKJA – EIN STAD FOR TRYGGLEIK OG FRAMTIDSHÅP

1. juni blei Den norske kyrkja sin årsrapport for 2024 presentert. Den viser at i ei verd med mykje uro, krig, konflikt og store framtid utfordringar blir kyrkja opplevd av mange som ein stad for tryggleik, fred og håp. Her er det openbart eit stort behov. Heile rapporten kan lesast på nettsida www.kirken.no. På nasjonalt nivå er kyrkja i ein sterkt pressa økonomisk situasjon, dette medførte mellom anna nokså dramatiske

kutt i stillingar, mest i kyrkja sentralt. Men det finst nokre gledelege og positive tendensar både nasjonalt og lokalt i kyrkje-lydane i kommunen vår. Trass reduksjon i det absolutte talet gudstenester var det fleire som deltok i løpet av siste året. På gudstenesta på julaften var det tydeleg auke, her i kommunen nesten mangedobla deltakartal. I fleire år har vi lokalt valt å satse strategisk på gudstenestelivet, brukt større ressursar og har som mål å auke attraktiviteten for fleire. Mellom anna med musiken og nye format og verkemidlar – for eksempel å ha påskeeggjakt som del av påskekudstenesta i Høyanger kyrkje. Dåp og konfirmasjon står framleis sterkt. Babysong er ein suksess mange stader, også hos oss. Vi er heldige at Inger Cesilie Fitje saman med Harald Dahlstrøm vidarefører dette i Høyanger kyrkje – med barn og foreldre frå fleire sokn, til og med frå sørsida.

Andreas Ester, sokneprest



www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thrane gt.3. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
 post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
 post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Renate Ø. Dale

Jobbmobil: 404 58 649
 E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 917 13 275
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 452 21 737
 E-post: AE639@kyrkja.no

Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik

Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal
 Mobil: 908 94 788
 E-post: IF267@kyrkja.no

Kyrkjevevje: Stig Jonny Fitje

Mobil: 917 63 803
 E-post: SF729@kyrkja.no

Organist: Peter T. Jobbagy

Mobil: 909 84 617
 E-post: PJ@kyrkja.no

Kyrkjemusikar: Harald Dahlstrøm

Mobil: 454 40 644
 E-post: harald.dahlstrom@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 916 89 459
Bjordal og Ortnevik:
 Camilla M. Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellestråd:

Sturla Bell Fossen 994 94 745

Kyrkjetenarar

Kyrkjebø, Vadheim og Høyanger:
 Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

TREEININGSTID OG TRENINGSTID

Det er sommar, og vi er komne til treeiningstida i kyrkjeåret. Treeiningstida som varer frå pinse til advent, og som slik er den lengste perioden i kyrkjeåret vårt.

Treeiningstid. Eit underleg ord, og ikkje heilt lett å forstå. Om vi byter ut ein *e* med ein *n*, får vi ordet treningstid – eit ord som mange nok har eit nærare forhold til enn treeiningstid. Men kanskje er vi ikkje på ville vegar om vi tenkjer på treeiningstida som ei treningstid?!

I treeiningstida i kyrkjeåret handlar det om den treeinige Gud, og trua på at Gud er som ei russisk dokke, ei babuska, tre i ein; Gud, Jesus og Den heilage Ande. Eller sagt på ein annan måte: Gud er ein, men møter oss på ulike måtar.

Ein av dei måtane vi møter den treeinige Gud på, er gjennom skapinga: «Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord».

Utan Gud hadde det ikkje eksistert noko univers, noko menneske, ja, noko i det heile. Alt vi omgjev oss med, heile tilværet, spring ut av Gud sin skaparvilje! Dette har vi hatt fokus på i samband med friluftsgudstenestene tidlegare i sommar der vi har markert Skaparverket sin dag.

Med bakgrunn i tanken om Gud som skapar og livgjevar, er det kanskje litt paradoksalt å kalle ein spesiell dag for Skaparverket sin dag; alle dagar er jo skaparverket sin dag! I kyrkja vår har det dei siste åra derimot vore vanleg å ha ein eigen søndag med fokus på skaparverket, gjerne


knytt til Verdas miljødag som blir markert 5. juni.

Som menneske er vi skapte til å vere ein del av naturen – til eit liv utandørs. Så endra ting seg, og vi flytta etter kvart meir og meir inn. I dag lever vi, i gjennomsnitt, 90 % av tida vår skilde frå naturen, innandørs.

Eg trur at dette gjer noko med forholdet vårt til naturen – og til skaparverket. Ved at vi i liten grad er i naturen, blir vi også meir fjern frå den. Dette er kanskje også ein av grunnane til at vi har vore dårlege til å ta vare på alt det skapte, på naturen og skaparverket. Klimaendringar, tap av artsmangfald og rovdrift på naturen og naturressursane er tema vi stadig høyrer om. Og sjølv om vi kan ha ulike meiningar om ansvar og konsekvensar, må vi erkjenne at vi er ein del av eit system som ikkje synest berekraftig.

Som menneske er vi skapte for å ta vare på kvarandre og på naturen, på jorda. Dette fører oss tilbake til utgangspunktet; til den språklege likskapen mellom treeiningstid og treningstid. Kanskje kan treeiningstida i år vere ei tid der vi legg oss i trening og øver oss på å ta vare på skaparverket – på naturen og på kvarandre?!

Herre, du har gjeve oss jorda, vår heim i kosmos. Med skøyre trådar har du vove oss saman i hennar vakre vev. Gjev oss innsikt, så vi vernar henne. Gjev oss handlekraft, så vi steller godt med henne. Gjev oss kjærleik, så vi elsker henne
(Per Harling)



KVIFOR KONFIRMASJON I KYRKJA?



Konfirmasjonen har ei lang historie bak seg. I mellomalderen (og fram til i dag) praktiserte den katolske kyrkja konfirmasjonen som ei sakramental stadfesting av dåpen. Martin Luther «moderniserte» forståinga og vektla at kvar einskild kristen skulle kunne svare for seg sjølv og trua si – undervisninga blei difor styrka og sjølv konfirmasjonen fekk funksjon som truseksamen. På dette teologiske grunnlaget blei konfirmasjon som lovpålagt plikt innført i Danmark-Norge i 1736 – noko som gjaldt fram til 1912. Den offentlege allmugeskulen blei faktisk oppretta for å gi kristendomskunnskap som basis for sjølv konfirmasjonen. Sidan 1920 har konfirmasjon i Den norske kyrkja offisielt ikkje lenger hatt karakter av å vere ei prøve – trass i at «overhøyringa» blei oppfatta som ei slags prøve mykje lengre. Og kunnskapsformidling var lenge nokså einseitig hovudformål for heile konfirmasjonstida.

Samstundes har konfirmasjonen alltid vore ei rituell markering for overgangen frå barndom til vaksen alder. Trass mange endringar gjennom tida har denne markeringa vore heilt sentralt i konfirmantane si oppleving fram til i dag. I liturgien for konfirma-

sjonsdagen er det velsignings- og forbønshandlinga som står i sentrum, noko som tar nett denne rituelle overgangen på alvor.

Kva er det dagens opplegg for konfirmantane vektleggar? Vi kunne kanskje formulere det slik: Konfirmasjonen og heile konfirmantåret ønsker å formidle aktualiteten av kristen tru på ungdommane sine premisser. Ta livsfasen dei er i på alvor. Ta i mest mogleg grad omsyn til individuelle behov. Læring skjer i stor grad gjennom å gjere noko. Med fast liturgisk opning. Krossteiknet vi brukar. Med verke i gudsteneste. Utruleg viktig at konfirmantane får ei oppleving av å bli sett, kunne trivast. Og dette er ikkje berre eit «biprodukt». I fleire år har vi hatt som eit hovudtema «Jesus som ven» og venenskap generelt. Noko som konfirmantane er veldig opptatt av. Det er sjølv essensen av kristen tru at Gud i Jesus Kristus kjem til oss menneske på våre menneskelege premisser. Nemleg som menneske sjølv. Konfirmantane som ungdommar har noko å bidra med i kyrkja. Vi har behov for dei slik som dei er. Kyrkja er ein stad for felles læring.

Andreas Ester, sokneprest

KONFIRMANTÅRET 2025–2026



KONFIRMAN* 2026

med og tek ansvar for den årlege Fasteaksjonen der vi samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp.

For å få til alt dette treng vi hjelp frå foreldre, og i samband med foreldremøte vil det bli fordeling av foreldreoppgåver (skyss, baking, nattevaktar på weekend m.m.).

Konfirmantåret 2024/2025 er nettopp avslutta, og vi gjer oss no klar for konfirmantåret 2025/2026!

For kommande konfirmantår planlegg vi eit nytt opplegg der vi har samlingar for alle konfirmantane i Høyanger kommune i lag. Samlingane blir lagt til elevfrie dagar, og vil vere på ulike stader i kommunen.

Under følgjer oversikt over datoar for konfirmantåret:

PRESENTASJONGUDSTENESTER OG FORELDREMØTE I AUGUST:

Lavik kyrkje 24.08.25 kl. 11
Bjordal kyrkje 24.08.25 kl. 16
Kyrkjebø kyrkje 31.08.25 kl. 16
Høyanger kyrkje 31.08.25 kl. 19

SAMLINGAR/ UNDERVISNING:

5. september (etter skuletid)
Kick-off på Alværa - saman med Hyllestad

26. september **Konfirmantdag**
25. oktober **Konfirmantfestival på Sande**
28. november **Konfirmantdag**
23.-25. januar **Konfirmantleir på Alværa** (saman med Hyllestad)
30. januar **Konfirmantdag**
20. mars **Konfirmantdag**

KONFIRMASJON:

Høyanger laurdag 2. mai kl. 11 (klasse A) og 13 (klasse B)
Kyrkjebø laurdag 10. mai kl. 11
Vadheim laurdag 10. mai kl. 13
Bjordal søndag 11. mai kl. 11
Lavik Kr. Himmelfartsdag 14. mai kl. 11

I tillegg til dette skal konfirmantane vere med på 8 gudstenester (utanom presentasjonsgudsteneste og konfirmasjonsgudsteneste). På nokre av desse gudstenestene vil konfirmantane få ulike oppgåver. Vi vil gjerne også engasjere konfirmantane i andre ting som skjer i kyrkja, som tiltak for barn, unge og eldre. Våren 2026 er konfirmantane i tillegg

For å bli konfirmert må ein vere døypt. Om du ikkje er døypt, men vil vere konfirmant i kyrkja, legg vi til rette for dåp i god tid før konfirmasjonen. Dette kan vere del av ei vanleg gudsteneste eller som ein eigen seremoni med berre dei næraste til stades. Kanskje er du usikker på om du vil vere konfirmant i kyrkja? Vår oppmoding til deg då er å melde deg, vere med og ta valet undervegs!

Påmelding skjer elektronisk på heimesida til kyrkja.

Det blir ein eigenandel for konfirmantåret som går til dekking av utgifter som konfirmantweekend, festival, mat m.m. Beløpet blir fastsett av dei ulike sokneråda, og vi kjem tilbake med meir informasjon om dette.

Velkommen som konfirmant i kyrkja!

DEI KONFIRMERTE I 2025

Høyanger



Edel Martinsen Dale, Markus Valsvik Drage, Sarah Othilie Andersen Galwin, Enya Austreim Giil, Ciana Tønning Hansen, Amund Bottolfsen Hellebø, Linnea Kjørnås, Maja Lambrechts, Emma Brix Godwin Longfellow, Dina Victoria Hilde Luggenes, Magnus Jonnyson Manseth, Christian Lunde Norevik, Mathea Hjelmeland Rasdal, Leah Christina Meel Skår, Christoph Fimland Takle, Andrine Strand Tønning, Matteo Gudvangen Trollebø, Ingeborg Alette Holen Trydal, Mina Ølmheim, Eskil Haugen Østerbø, Calista Helen Van Veen, Natalie Vangen Vågen, Elling Ryan Silva Aasen, Andreas Ester. Foto: Vidar Myhren

Kyrkjebø



*Sverre Nes Hommedal, Malena Jansson, Teodor Lambrechts, Adelhen Lopez, Vebjørn Julseth Lutentun, Leo Nikolai Nesse Olsen og Leona Vadheim Ødegård; Andreas Ester
Foto: Sturla Bell Fossen*

Bjordal



Inger Cecilie Fitje, Lena Szymczak, Oline Østerbø
Foto: Sissel Sørebo

Vadheim



Andreas Ester, Hans Stusdal Sagen, Celina Berge Ullebø
Foto: Sturla Bell Fossen

Lavik



Jenny- Kristina Borlaug Kueane, Marcus Hansen Strømmen, Ingrid Borlaug Hovland, Inger Cecilie Fitje
Foto: Toril Lange

GUDSTENESTE PÅ ARBEIDARANE SIN DAG I HØYANGER

Tre år på rad har vi hatt gudsteneste på 1. mai i Høyanger. Heilt presist må vi seie: det var jo gudstenester her på 1. mai før i tida, men ikkje dei siste 15 åra. Og det er gudstenester på arbeidarane sin dag mange andre stader i landet, men desse er ofte omdiskuterte både i kyrkja og innan arbeidarrørsla. Kvifor skal vi ha gudsteneste på 1. mai?

Vi må sjå litt på historia. På 1800-talet fantes det tette band mellom arbeidarrørsla og den kristne lekmannsrørsla. Hans Nielsen Hauge var så å seie den første i landet om jobba målretta for «empowerment» av dei fattige og sosialt svake og utjamning av store lønsforskjellar. Fagrørsla tok i starten mykje praktisk inspirasjon frå arbeidsmåten hans. Samstundes oppstod det ein ideologisk isfront mellom arbeidarklassen og statskyrkja som blei oppfatta som del av embetsmannsstaten. Fiendskapen resulterte blant anna i den langvarige motstanden mot kyrkjebygginga i Høyanger mange tiår seinare.

Det som har blitt gløymt – frå begge sider – er at det i stor grad finst felles verdiar og interesser, og at mange av arbeidarane og fagrørsla sine kampsaker har historisk kristne røter. Kamp for rettferd og rettferdig løn, solidaritet, som er nestekjærleik satt i system. Men det er mykje meir enn berre dette. Sett frå «vår» side, frå kyrkja sitt perspektiv, så er det hovudpremisset vårt, evangeliet slik som Jesus forkynte og levde det, som krev at kyrkja står på arbeidarane si side. «Guds rike» som han kallar det (Mark 1, 15), det er ein real-utopi, ein visjon om eit betre liv, eit annleis samfunn allereie her på jorda. Jesus var alltid på parti med dei svake og fattige, snakka blant anna om rettferdig løn etter behovet (Matt 20, 1-16: likninga om arbeidarane i vingarden). Den tidlegaste kyrkja, Jesus-rørsla, dei var faktisk sosialistar og praktiserte felleseigedom (Apg 2, 44-45).

Det skal bli ei markering frå kyrkja i Høyanger på 1. mai neste år også. Vi i kyrkja har behov for ho og vil invitere alle til å bli med! Vi er solidariske med arbeidarane sine saker – og vi jobbar for at Guds



[Frans Masereel, Første mai (ca. 1930)]

rike med rettferd og fred blir meir realitet lokalt i Høyanger og globalt i heile verda.

Forfattaren Edvard Hoem skreiv etter fleire år på den radikale venstresida ei «kristensosialistisk» julesalme med tittelen «Den fattige Gud» (NoS 2013, nr. 740).

Eit lite barn voks opp til mann
og sa at han var Gud.
Han levde slik som andre, han,
og såg heilt vanleg ut.
Hans rike låg langt borte
frå all sorg og ondskap i vår verd,
og enda bed han oss forstå
at det er inni oss det er.

Andreas Ester, sokneprest



Barnas

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



36 • 1

35 • 2

34 •

3

33

4

5

32

6

31

7

30

26

11

9

28

25

24

23

22

21

20

19

18

17

16

15

14

13

12

11

10

9

8

PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no

1.

2.

Mann i Lukas 5,27

Dei som skapar fred i Matteus 5,9

5.

Gåve i Matteus 2,11

Landområde i Apostelgjerningane 21,2

Himmelretning i Matteus 8,11

Dyr i Johannes openberring 4,7

Salte dropar i 2. Korintar brev 2,4

Landområde i Johannes 4,4

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

– Doktor, eg trur eg treng briller.
– Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar


Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



Søndagsskolen – mer enn du tror

ORTNEVIK KYRKJE 1925–2025

I 2025 er det 100 år sidan den store raude kyrkja i Ortnevik stod ferdig, og bygda planlegg ei stor feiring.



Historia om den vesle bygda og den store kyrkja er spennande, for kva fekk initiativtakarane for hundre år sidan til å byggje ei kyrkje for nærare 300 personar i ei lita bygd som Ortnevik? Dei hadde utan tvil optimisme og framtidstru, og kva av dette kan vi ta med oss i dag hundre år seinare? For når ein greidde å realisere den store kyrkja for 100 år sidan, så kan det gi inspirasjon for oss å få til "store ting" også i dag.

Vi vil gjennom ulike arrangement 4. og 5. oktober setje Ortnevik og sørsida på kartet, og fortelje historia om den vesle bygda og den store kyrkja. Arrangementet er eit samarbeid mellom Bjordal og Ortnevik sokneråd, Ortnevik grendelag og Ortnevik sanitetslag.

Programmet for helga ser slik ut:

Laurdag 4. oktober kl 14 inviterer vi til seminar, omvising og enkel servering i dei nye lokala til Ortnevik Tre. Deretter går turen vidare til jubilaranten; Ortnevik kyrkje. Her blir det presentasjon av festskrift som er utarbeidd i samband med jubileet

og samtale kring tilhøve mellom næring, kultur og kyrkje.

Søndag 5. oktober kl. 12 blir det festgudsteneste i Ortnevik kyrkje. Etter gudstenesta blir det servering av fiskesuppe med lokale råvarer, betasuppe, kaffi og kaker.



Søndag 5. oktober kl. 16.30 blir det jubileums-konsert med Sigrid Moldestad i Ortnevik kyrkje. Billetter til konserten kan kjøpast på Eventim eller ved inngangen.

Før konserten søndag blir det høve til omvising på Tubilah AS (kveiteoppdrett), Ortnevik Tre og stavkyrkja som Anders Brekke har bygd på Brekke.

Tidspunkt for konsert er tilpassa ferjeruter frå nordsida, og vi håpar å fylle kyrkja med song, musikk, optimisme og tru på framtida – i Ortnevik og på sørsida.

Set alt no av dagane og ver velkommen til jubileumsfeiring!

MIN SALME


BLOTT EN DAG

Redaksjonen utfordra den kunstneriske, språkmektige og musikkglade dama Randi Kirkebø til å dele eit musikkminne, knytta til ein salme, med våre lesarar:

Det tok ho på strak arm og fortel:

Om eg skulle nemne salmar eg er glad i å høyre på og å synge til? Det ville ha vore svært mange.

Gjennom livet mitt, heilt i frå eg var lita jente har eg likt å synge og å høyre på musikk. Pappa likte å spele munnspele, og frå eg kom til denne verda har eg høyrt på munnspeleversjonen av "Blott en dag" Salmen vart svært prenta inn i sinnet mitt, men i periodar i livet og gløymt.



REISA

(Ein aquarell, og kunstnaren er Randi Kirkebø)

Da pappa døydde på Høyanger Sjukeheim sende han nok den salmen til meg - for eg bråvakna av at den kom inn i sinnet mitt ein tidleg sumarmorgon kl. 06 i året 1990. Tidspunktet da pappa døydde. Gjett om "Blott ein dag" har vore med på "reisa" mi etter dette?

«Blott en dag» er ein svensk salme, skriven i 1865 av den kjende diktaren, teologen og forlagsredaktøren Lina Sandell (1832–1903). Melodien laga Oscar Ahnfeldt i 1872. Mange vil også kjenne salmen i ei norsk utgåve, som ofte er brukt i til dømes gravferder.

Me vel likevel å trykke den slik den står i Norsk Salmebok på originalspråket (nr 489):

*Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
vilken tröst, vad än som kommer på!
Allt ju vilar i min Faders händer,
skulle jag, som barn, väl ängslas då?
Han som bär för mig en faders hjärta,
giver ju åt varje nyfödd dag
dess beskärda del av fröjd och smärta,
möda, vila och behag.*

*Själva han är mig alla dagar nära,
för var särskild tid med särskild nåd.
Varje dags bekymmer vil han bära,
han som heter både Kraft och Råd.
Att sin dyra egendom bevara,
denna omsorg har han lagt på sig.
Som din dag, så skall din kraft och vara,
detta löfte gav han mig.*

*Hjälp mig då att vila tryggt och stilla
blott vid dina löften, Herre kär,
ej min tro och ej den tröst förspilla,
som i ordet mig förvarad är.
Hjälp mig, Herre, att vad helst mig händer,
taga ur din trogna fadershand,
blott en dag, ett ögonblick i sänder,
tills jag nått det goda land.*

ALVÆRASTEMNET 1. JUNI

Ein dag for fellesskap med gamle vener og kontakt med nye. Det er kjekt at personar som har vore på leir i ungdomstida kjem attende til leirstaden i vaksen alder og vil støtte opp om drifta i dag. I tillegg til gudsteneste, gode måltider, misjonsinformasjon og utlodding, var det årsmøte for alværastyret. Alværaforeininga har i dag 80 medlemmer, og vil gjerne ta imot fleire. Ingunn Sognnes er styreleiar og

fekk med seg heile styret vidare. Alle gjer ein stor dugnadsinnsats, som er årsak til at Alværa har eit godt driftsresultat og har investert i naudsynte utbetringar etter vel 40 års aktivitet. Toril Lange og Olav Hellebø brukar det meste av tida som pensjonistar til å administrere tilbodet. Dei fekk velfortent takk for innsatsen. Ein må sjølvstendig ta høgde for at ein i framtida må ha tilsett for å få drifta i hamn. Det trengst også person med økonomikom-



petanse, så ta gjerne kontakt dersom du veit om nokon som kan utfordrast.

Sissel Sørebo

VIKTIG MED DUGNAD

Også i år har mange vore med på dugnadene på gravplassar i kommunen. Takk til alle som har hjulpet til for å gjere desse fine etter vinteren. I Bjordal manglar ein kyrkjetenar, så der har det vore viktig med arbeid både ute og inne i kyrkja.

Mari-Ann organiserte arbeidet inne, og saman med Kjersti og Randi fekk dei pussa sølv og lysekroner og gjort reint i kyrkje og bårhus. Porten inn til gravplassen har vore stygg i fleire år. Kenneth tok med høgtrykkspylar og fekk reingjort den. Nokre dagar seinare gjekk han attende og måla porten før regnet kom. Vi andre skar ned tre og buskar langs vegen opp til kyrkja, rydda og raka, klippte prydtrær og ordna nokre av grusgangane, som i ettertid er blitt salta for å hindre gjengroing.

Den flotte muren som vart laga ved omlegginga av kyr-

kjegarden, er no mykje dekt av klatrehortensia som også øydelegg det kvite stakittgjerdet i overkant av muren. Det er mogeleg at denne klatreplanten vert fjerna til hausten.

Mari-Ann hadde med fyrsteka-ke og organiserte pausestunda inne. Sjølv om vi var heldige med veret, var det kald vind og godt å komme inn. Denne gongen var vi 11 personar som møtte opp, og det er gleden å sjå kor mykje som vart gjort.



Foto: Sissel Sørebo

FELLES SOKNERÅDS-MØTER

Høyanger og Kyrkjebø sokn har dei same kyrkjelege tilsette, og nokre felles oppgåver, som til dømes misjonsprosjektet i Estland.

Me samarbeidde også om medarbeidarfesten, opplegget for fasteaksjonen og førebuinga av minnegudstenestene i fjor haust. Me har difor i vinter og denne våren hatt to felles soknerådsmøte, noko rådsmedlemene både stadar har gjeve uttrykk for var kjekt og nyttig.

Samarbeid er å gje og ta, og lærerikt for alle. Kanskje enda meir av dette?

Sokneråda

SOMMARAVSLUTNING

I fleire år har born med foreldre jamleg vore samla til myldresamling i Lavik kyrkje. I løpet av hausten valde ein å dele gruppa i 2 – myldresamling for dei som går i barnehagen og «Bibelgjen- gen» for 6 og 7-åringane.

I midten av mai var det felles avslutning – men denne gongen på Alværa. Ikkje alle hadde høve til å vere der, men etter samlingsstund inne, var

det mykje leik, springing, utforsking av området og mat med pølse og brød.



TAKK FOR GÅVER TIL FASTEAKSJONEN

I år kom det inn kr. 66.876,- til saman i Høyanger kommune. Kirkens Nødhjelp opplyser at det beløpet kan gje reint vatn til 223 personar. Takk til konfirmantar, foreldre og andre frivillige medarbeidarar som hjelpte til å gjennomføre dørtildør-aksjonen. Takk til alle som har teke vel imot dei som ringde på, og takk for gåva som de gav. Dette er viktige pengar for hjelpeorganisasjonen i ei vanskeleg tid for verda!

Sokneråda

SONG PÅ SØRSIDA BYGDETUN

Annankvar måndag heile skuleåret har det vore god stemning på bygdetunstova. Olav B. Bjordal spelar dei gamle melodiane som vi alle har minne knytt til, og songen er klangfull både unisont, i kanon og av og til med over og understemmer. Pensjonistlaget og soknerådet samarbeider om opplegget, og vi er svært takksame for det arbeidet Olav legg ned i førebuing og gjennomføring. Biletet viser at vi av og til får besøk av gitarist, og på avslutninga før sommaren var damekoret som starta i haust med oss.



*Olav B. Bjordal og Arne Leirnes
Foto: Mari-Ann Lund Fridtun*

GAMLE PORTAR OG GELENDER I NY GLANS

På Kyrkjebø har den gamle smijernsporten i sør i mange år vore demontert på grunn av øydelagde hengsler. Sameleis har trappegelenderet til sakristiet vore tydeleg prega av forsømt vedlikehald i lang tid. Fleire har kommentert dette til soknerådet.

I vår er det difor gjort grep for å rette opp i dette, og igjen er det den frivillige innsatsen å takke for at det no er ny glans over det gamle smijernet, og porten er på plass att!

Litt profesjonell hjelp til sandblåsinga var naudsynt, medan resten er gjort på dugnad av nevenyttige soknerådsmedlemer og gode medhjelparar.

Soknerådet

PÅSKESAMLING, BASAR OG OPE BIBLIOTEK I ORTNEVIK

Skjærtorsdag, 17. april, var det påskesamling for store og små i Ortnevik kyrkje. Etter samlinga i kyrkja inviterte soknerådet og grendelaget til kafé og basar i grendehuset. Overskotet frå arrangementet gjekk til Fjellhytte, eit prosjekt som denne våren har samla bygdefolket i Ortnevik til dugnad og innsats. Mange hadde møtte fram, og beløpet på kontoen til Fjellhytta auka med ca. kr. 10 000! Takk til alle som bidrog!

Som ein del av arrangementet denne dagen var også bibliotekfilialen i Ortnevik open. Nina Brekke har ansvar for drifta av biblioteket i Ortnevik, og biblioteket har vanlegvis opent tors-



dagar mellom kl. 15-18. Skjærtorsdag var i utgangspunktet fridag for Nina, men ho likar å få ting

til å skje, og sa ja med ein gang ho fekk spørsmålet. Slik fekk mange også sikra seg lesestoff til påskehelg og fridagar, og vi takkar Nina for samarbeid og positiv innstilling!

Bjordal og Ortnevik sokneråd

MEDARBEIDARFEST

Kyrkjebø og Høyanger sokn samarbeidde i vinter om ei markering for å takke våre innsatsviljuge og flinke dugnadsfolk. Det vart gjort ved ei samling i Saniteten sitt lokale på Kyrkjebø i februar. Svært gledeleg var det at vel 40 personar møtte fram, og heile området frå Høyanger til Vadheim var representert.

Ein samansett komité frå dei to sokneråda hadde planlagt samlinga, som var enkelt opplagt; me samlast rundt borda, fekk god mat, og folk fekk rikeleg tid til ein god prat.

Amalie Ramslie Selnes og Ivar Ramsli stilte opp med flott song og spel for oss. Stor takk til dei også!

Sokneråda ville med denne samlinga vise takksemd til dei mange som gjennom året yter ein

stor innsats i form av gratis, frivillig arbeid - til beste for fellesskapen. Ein innsats me er heilt avhengige av for at kyrkjene, gravplassane og den kyrkjelege aktiviteten skal framstå slik me alle ynskjer det skal vere; ryddig rundt oss, og at det er ei fin oppleving ved å kunne møtast i kyrkja i ulike høve og livssituasjonar.

Kyrkja skal vere ein god stad å samlast, og det er den - takka vere våre tilsette og den store innsatsen dei friviljuge gjer i det stille - heile tida.




Foto: Irene Aase Aarseth

MØRKET VART TIL LYS – PÅSKEAFTAN PÅ KYRKJEBØ

På Kyrkjebø er påskenattsgudstenesta etterkvart vorte ein tradisjon. Mørke vert til lys midt i messa - ei synleggjering av hovudbodskapen i vår lære og tru: gleda og frelsa som kjem ved oppstoda påskemorgonen. I år var det ei stemningsfull og fin messe med god oppslutnad, og kyrkjelyden kunne etter utgangen or kyrkja helsa kvarandre under stjernehimlen: Han er oppstaden!

Soknerådet

På kyrkjebakken – DET SKJER I LAVIK

Kyrkjekaffi i bispestova

Søndag 24. august kl. 11.00 er det gudsteneste i Lavik kyrkje med konfirmantpresentasjon. 50-årskonfirmantane er også invitert til denne gudstenesta. Denne søndagen inviterer soknerådet til kyrkjekaffi i bispestova.

Haustattakkefest 28. september

Kvar haust vert alle born invitert til ei gudsteneste der dei får utdelt bøker tilpassa alderen på borna. Dei tar også med korger med frukt og grønnsaker som dei ber inn i kyrkja når gudstenesta startar. Før haustattakkefesten vil dei som er/vert 4 og 6 år dette året, inviterte til 4 og 6-årssamling i kyrkja.

På kyrkjebakken – DET SKJER PÅ ALVÆRA

Sommaren er her, og for dei som er engasjert i Alværa vert det ei travel tid. I løpet av 1 ½ månad skal det vere 5 familiesamlingar; søskenbarntreff, slektstreff og fire 80-åringar skal samle familiane til feiring på Alværa.

Sommarhotell

2024 var første året med sommarhotell drift. I om lag 4 veker var det høve til å overnatte, anten for ei natt eller fleire. Kvar søndag kunne ein også tilby søndagsmiddag. Slik vert det i år også – frå 25. juni til 23. juli vil Mona og Jens saman med gode medarbeidarar halde opent. Meir info finn de på Alværa si facebook-side – Alværa Misjonssenter.

Leirar og arrangement

11.-13. august: Sommarleir for 2.-7. klasse (ferdig med 2. klasse)
28. august: Foreiningsdag
6.-8. oktober: Agentleir for 2.-7. klasse

Minigolfbane

Hausten 1987 fekk Alværa minigolf med 12 baner. Innimellom barskoen ligg banene utsett til og i løpet av desse åra har dei vorte restaurerte fleire gonger. For 3-4 år sidan starta ein med siste restaurering, men mykje på grunn av veret fekk ein ikkje fullført det då, og forfallet heldt fram. I fjor sommar tok ein igjen fatt på arbeidet. Ein tok vare på dei 8 beste banene og etter ein tørkeperiode og før regnet kom, dekte ein banene med presenning. Slik vart dei liggjande heilt til siste halvdel av mai. I løpet av 14 intense dagar, fekk ein måla, montert nye plater og limt på filten som kravde minimum 18 grader. No står siste finpuss att – med å vatte opp banene, montere «hinder» og skjære hol. Reopning av minigolfen vert i samband med dagsleiren 23. juni.



Foto:
Mona Rosvold

Friluftsgudsteneste på Vadheimsstølen

Samling i høgjellet på ettersommaren er ein tradisjon i vårt sokn. I år vert denne framskunda til slutten av juli. Nytt då høvet til å få med dykk den opplevinga det er – antan sola varmar eller skodda ligg litt ned på toppane. Det er fascinerande nærleik til skaparverket – ei lett tilgjengeleg høgtidsstund.

På kyrkjebakken – BJØRDAL OG ORTNEVIK

Open kyrkje i Ortnevik

Også i år vil Ortnevik kyrkje vere open i skuleferien kvar fredag kl. 16-18. Då kan ein komme fram og tilbake med båt frå Vik. Turistar og fastbuande er velkomne til å vere i det vakre kyrkjerommet og finne ro til kvile og ettertanke.

Sommaropplegg i Bjordal kyrkje

Søndagane 29. juni, 13. juli og 27. juli kl. 18.00 vil Geir Sørebo fokusere på tre originale kunstuttrykk i Bjordal kyrkje. På kvar samling vil eitt av desse objekta verte sett inn i ein større kulturhistorisk samanheng. Orienteringa vil vare om lag 20 minutt og vere på norsk og/eller engelsk.

Gudsteneste i Bjordal kyrkje

20. juli kl. 11.00. Gudstenesta er ved Inger Cesilie Fitje og organistvikar Birk Sørebo Hauger, som spelar på det nye pianoet. Eit familiekor vil syngje. Det vert som vanleg ein kaffikopp og noko å bite i etter gudstenesta. Deretter fjelltur på Hestkammen for dei som har helse og lyst til det. Kle deg etter veret og ta med drikke og niste.

Olsok på Sande ved Ortnevik

29. juli kjem i år på ein tysdag, og då byrjar vi gudstenesta kl. 18.00. Det er ei fin oppleving å sitje under dei vakre bjørketrea ved minnesteinen om kulturpersonlegdomen Olav Sande. I år er gudstenesta ved Inger Cesilie Fitje, og Anders Brekke vil som vanleg gle oss med orgelmusikken sin. Under kaffien blir det god tid til ein prat på kyrkjebakken. Vi kler oss etter veret og håpar på sol. Vel møtt til store og små!

Opa kyrkje i 2025

Kyrkjebø sokn har i fleire år gjeve eit tilbod om open kyrkje nokre onsdagar gjennom sommaren – slik også i 2025. To av desse vart avvikla i juni. På den fyrste av desse hadde me gleda av å få kulturskulen på vitjing. Dei er alltid positive, og det er ei like stor glede kvar gong å få sjå og høyre kva dei unge og flinke elevane framfører.

Sjå oppslag og annonsering i sosiale media, og møt opp i august å få med deg desse høva til ei fin musikkoppleving og ei annleis og friare stund i kyrkja.

Du vil møte ein kyrkjevert, kunne slå av ein prat over ein kaffikopp, eller sitje ned å nyte freden og stilla i kyrkja. Ulike musikk-aktørar spelar eller syng delar av tida.

Ein liten dose gratis sjelemedisin.

Soknerådet

Opa kyrkje!

**Høyanger kyrkje er opa
kvar laurdagar kl. 13-15
i perioden 21.juni til
16.august 2025**



NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

Då er påska og mai med sine festdagar vel overstått. Det vart ein flott vår med mykje sol og klårvêr. Trivelege dagar å vere ute, trivelege dagar å feire konfirmasjon og gode dagar å vitje gravplassane og stelle gravene etter nære og kjære.

Dei som har ansvaret for å slå kyrkjegardane byrja ei veke før avtalen bind dei til å starte, likevel vart det vanskeleg å halde tritt med grasvoksteren. Men dei har stått på og sett inn ekstra mannskap for at det skulle bli noko lunde til festdagane – som 17. mai og konfirmasjonar.

Eg må og nytte høve her til å takke for all den gode dugnadsinnsatsen som vart utført på gravplassar, kyrkjegardar og i kyrkjene! Det er litt ulike tradisjonar for kva ein tek tak i, men det syner godt att når grusgangar blir stelt, hekkar trimma, lauv og rusk raka, lysekrone pussa, hellegangen reinska – ja lista er ikkje utfyllande. Takk skal de ha!

Om du har ansvar for ei grav med gravminne så har du og ansvar for at gravminnet, gravsteinen, står støtt. Etter vinteren har du kanskje sett at sokkelen er blitt skeiv og steinen lutar framover eller bakover. Det ordnar seg ikkje sjølv, men treng ikkje vere så mykje arbeid om ein får gjort noko tidleg. Over tid vil ein skeiv sokkel føre til at heile gravminnet kan ta overbalanse. Oppdagar nokon at eit gravminne lutar så mykje at dei er redd det kan velte, er det viktig at ein gir beskjed. Eit gravminne som kan velte gjer gravplassen til ein utrygg plass.

Nokon kan få den tunge steinen over seg, og særleg for barn kan dette vere farleg. Derfor er vi pliktige til å legge ned ein gravstein som kan velte.



Mange har sikkert fått med seg at det er noko usemje rundt korleis gravmynde blir praktisert – særleg i høve festeavgift. Eg varsla i sist nummer av Helgestunder at det er tid for å sjå på vedtekterne for gravplassane. Når desse er revidert blir dei sendt ut på høyring, før dei vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg godkjenning.

Lovverket seier at alle har rett på ei frigrav når dei døyr, men her er ei frigrav definert i motsetnad til ei festa grav – altså ei grav som er teken i bruk, eller reservert til seinare bruk. Når Høyanger kommunestyre i 2015 vedtok at alle graver som vert tekne i bruk skulle bli gjort om til frigraver, så er det ei endring til det betre i høve lovverket. Vel og merke vart ikkje denne regelen gjeven tilbakeverande kraft og gjeld berre for graver tekne i bruk etter 2015. Vedtaket vart heller ikkje gjort gjeldande for gjenbruk av graver – då er grava allereie teken i bruk.

VIL DU VERE MED Å BIDRA TIL INNHALDET I HELGESTUNDER?

Har du ei god historie frå arbeidet i kyrkja, ein aktivitet du vil gjere betre kjent, ei anekdote som fleire har glede av å lese? Frist for innsending av stoff til neste nummer vert dato???, - send til kyrkjekontoret: post.hoyanger@kyrkja.no



I glede og sorg

DØYPTE:

Kyrkjebø

06.04.25 Mia Fjæren-Olsen

Lavik

20.04.25 Lucas Bjørkhaug Welle

Høyanger

08.06.25 Leander Måredal Sjøthun

08.06.25 Britalinn Solvorn

08.06.25 Einar Selnes Thue

3 utegløynde i 2024:

Kvamsøy kyrkje

28.07.24 Odin Lygre Gillow

Kolbu Kirke

17.11.24 Ellinora Aasen Breivik

Sande kyrkje

22.09.24 Alfred Ljotebø Kvamme



DØDE

Høyanger

Torbjørn Hoem	22.09.1946 - 27.02.2025
Hilde Ullebø	25.02.1979 - 21.03.2025
Johnny Litsheim	19.11.1940 - 24.03.2025
Erna Karin Nordeide	02.06.1950 - 09.04.2025
Gunvor Varden	05.05.1944 - 13.04.2025
Jan Åke Lande	18.10.1942 - 23.05.2025
Arvid Bjarne Lillehaug	10.02.1944 - 30.05.2025

Kyrkjebø:

Alvhild Marie Grindhaug	21.12.1931 - 30.03.2025
Herold Arvid Kvist	22.08.1944 - 24.04.2025

Vadheim:

Tor Ullebø	13.12.1957 - 06.04.2025
------------	-------------------------

Lavik:


Rolf Nygård	19.07.1946 - 18.03.2025
-------------	-------------------------

Bjordal:

Alfhild Førde	27.02.1931 - 10.05.2025
---------------	-------------------------

Ortnevik:

Lars Nygard	24.08.1939 - 25.03.2025
-------------	-------------------------



*Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.*

Gudstenester

6. JULI: 4. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Kyrkjebø: Gudsteneste

A Ester / H Dahlstrøm

20. JULI: 6. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Høyanger: Gudsteneste

A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 11, Bjordal: Gudsteneste

IC Fitje / Birk S. Hauger

27. JULI: 7. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 15, Vadheimsstølen: Friluftsgudsteneste

IC Fitje / H Dahlstrøm

29. JUNI: OLSOK

Kl. 18, Sande: Friluftsgudsteneste

IC Fitje / H Dahlstrøm

17. AUGUST: 10. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Vadheim: Dåpsgudsteneste

IC Fitje / P Jobbagy

24. AUGUST: 11. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste, konfirmantpresentasjon

Kl. 16, Bjordal: Gudsteneste, konfirmantpresentasjon

IC Fitje / Peter Jobbagy

31. AUGUST: 12. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 16, Kyrkjebø: Gudsteneste, konfirmantpresentasjon

Kl. 19, Høyanger: Gudsteneste, konfirmantpresentasjon

A Ester /

7. SEP.: 13. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Lavik: Dåpsgudsteneste

A. Ester

10. SEP.: ONSDAG

Kl. 19, Høyanger: Gudsteneste

A Ester / H Dahlstrøm

21. SEP.: 15. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Kyrkjebø: Gudsteneste, hausttakkefest

A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 12, Massneset: Gudsteneste, hausttakkefest

IC Fitje /

28. SEP.: 16. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste, hausttakkefest

IC Fitje /

Kl. 11, Vadheim: Gudsteneste, hausttakkefest

Kl. 16, Høyanger: Gudsteneste, hausttakkefest

A Ester / H Dahlstrøm

5. OKT.: 17. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 12, Ortnevik: Jubileumsgudsteneste,

Biskop Ragnhild Jepsen m.fl. / P. Jobbagy

12. OKT.: 18. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Kyrkjebø: Gudsteneste

A Ester / H Dahlstrøm

26. OKT.: BOTS OG BØNNEDAG

Kl. 11, Høyanger: Gudsteneste

A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 11, Lavik: Minnegudsteneste

Kl. 16, Bjordal: Minnegudsteneste

IC Fitje / Peter Jobbagy

2. NOVEMBER: HELGEMESSESØNDAG

Kl. 11, Kyrkjebø for Høyanger og Kyrkjebø sokn:

Minnegudsteneste

A Ester / H Dahlstrøm



NB: Det kan skje endringer! Følg med på Facebook, plakatar eller på: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON

Returadresse: Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

SIGRID MOLDESTAD er ein av Norges fremste artistar innan folk, vise- og tradisjonsmusikk. Ho har eit sterkt forteljarhjarte og ei eiga evne til å berøre publikum anten det er med leikfull kraft eller melankoli og sjølvskrivne viser og tekstar. Ho vaks opp på Breim og vart tidleg introdusert for felemusikken. Ho har studert folkemusikk ved Ole Bull Akademiet på Voss og har fordjupa seg i tradisjonen frå heimområdet. Det er også denne musikken som er inspirasjon og rot i mykje av det ho skapar sjølv.

*Velkommen til konsert
i Ortnevik kyrkje*

SØNDAG 5. OKTOBER 2025 KL. 16.30

Billettpris kr. 350.- (barn og ungdom under 16 år gratis).
Billettar kan kjøpast på www.eventim.no eller ved inngangen.

